

Ønskjer hjelp med Heio-gras

19.08.2010



Slik er Heio akkurat no! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Idrettslaget strevar med å halde nede graset på Heio, opplyser leiari Bjarte Døssland.**

**Det har nok vorte ekstra vanskeleg i år på grunn av lengre periodar med regn, som både har gjort graset tungt og tett.**

**Døssland held fram:**

-Banenemnda består av 5-6 mann, men dei er alle travle i jobben og heime, så det har vore vanskeleg å få grasklyppinga til å fungere gjennom sommaren.

Seinast i går jobba Oddmund Soldal og Jostein Hauso i mange timer for å nærme seg rett grashøgde, og med

felles innsats har vi von om å få Heio i orden til SPAR Heio-cup.

Men no ber vi om hjelp med å formidle ønsket om å få kontakt med ein eller fleire vaksne med god tid, som kunne hjelpt oss med baneklypping både resten av denne sesongen og vonleg komande sesongar.

Eit stort problem for oss er at vi ofte er avskorne frå å nytte høvet når graset er turt og sola skin, på grunn av arbeid med vidare, og går detfor lang tid utan klypping er det tungt å ta det inn att.

Såom det er nokon personar i bygda som har høve til å disponere dagane som dei ønskjer, kan vi flagge at vi hadde sett stor pris på hjelp. Alle interesserte kan ta kontakt med Jostein Hauso eller Knut-Johannes Ripel, sluttar Døssland.